



Kviteseid misjonskyrkje

MISJONSKIRKEN NORGE

Kviteseid, 23. januar 2019

Referat frå styremøte onsdag 23. januar kl. 1800

Til stades:

Ane S. Holm (2018-2019)
Oddvar Hægeland (2017-2018)
Sigrun Lønning Solvang (2017-2018)
Øystein Kvamme (2018-2019)
Mari Songe (2018-2019)

Opning og kaffe ved Mari som ma. las frå 1. Mos. 11, 1-9.

Sak 1/19: Godkjenning av referat frå styremøte 12. desember 2018
Referatet blei godkjent utan merknader.

Sak 2/19: Planlegging av årsmøte 10. februar kl. 17. Leiing ved Sigrun
Saker som blei planlagt og drøfta:

- Opning v/Ane
- Val av referent (Oddvar) og protokollunderskrivarar (blir gjort i møtet)
- Årsmelding v/Oddvar
- Rekneskap v/Magnus
- Val til styret v/Åsbjørg og Anders
- Val av valgkomite (blir gjort i møtet), vaktmeisterfunksjon (Anlaug og Ove), revisor (Gunhild), diakoniutval (Mari, Anlaug og Gunhild), sundagstreffkomite (Anlaug, Åsbjørg og Tone), kasserar (forslag om Olav, Oddvar spør)
- Kollekten på sundagstreffa. Forslag om Jakobs Hus
- Samtale om arbeidet m.m.

Øystein ordnar det praktiske med mat.

Sak 3/19: Oppfølging av brev frå MKN om seksuelle krenkingar og implementering av retningsliner
Styret vedtok å utsette dette til neste styremøte med nytt styre.

Sak 4/19: Eventuelt og info

* Mari: Spleising på campingvogn til rumeneren Christian. Kristen Salmelid har kjøpt ei campingvogn til 3000 kroner. Styret vedtok å sponse denne med 1000 kroner på vilkår at campingvogna blir brukt som bustad for Christian.

* Ane: Orientering frå fellesmøtekomiteen. Planlegginga av familiemøtet er på plass. Fellesmøta er også stort sett på plass. Ane spør Tone om å pynte i kyrkja.

Neste styremøte blir onsdag 27/2 kl. 18.

Oddvar Hægeland, sekretær